



Arkivsak 201303800-1  
Arkivnr. 135.626  
Saksh. Spjeld, Britt Karen, Klinker, Torill

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Samferdselsutvalet	14.05.2013 - 15.05.2013
Kultur- og ressursutvalet	14.05.2013
Opplærings- og helseutvalet	14.05.2013
Fylkesutvalet	24.05.2013
Fylkestinget	11.06.2013 - 12.06.2013

## **SØKNAD OM Å ARRANGERE SYKKEL-VM I 2017 I BERGEN OG BERGENSREGIONEN**

---

### **SAMANDRAG**

I fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012) er det eit mål om at Hordaland fylkeskommune skal arbeide for at større nasjonale og internasjonale arrangement vert lagt til regionen.

Norges Cykleforbund (NCF) søker det internasjonale sykkelforbundet – Union Cycliste Internationale (UCI) - om å arrangere Sykkel-VM 2017 (UCI Road World Championships) i Bergen og bergensregionen. Qatar vart i september 2012 tildelt VM i 2016, difor handlar den norske søknaden om 2017, i tråd med NCF sitt tingvedtak frå februar 2012. Konsekvensar og føresetnader for eit bærekraftig arrangementskonsept ved eit Sykkel-VM i Bergen og bergensregionen, vert lagt fram i denne saka.

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Askøy kommune, Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune er medarrangørar av Sykkel-VM 2017.

Sykkel-VM er eit av verdas største idrettsarrangement, og er truleg det største sommaridrettsarrangementet som Norge kan vere vertskap for. Meisterskapet samlar deltakarar frå alle verdsdelar med over 70 deltakande nasjonar, og har stor mediemerksemd med meir enn 300 millionar reelle TV-sjåarar.

Det skal konkurrerast i junior kvinner og menn, U23 menn, elite kvinner og menn, og profflag for kvinner og menn. Til saman skal det arrangerast 12 ritt over ni dagar. Det kan ventast rundt 400.000-500.000 tilskodarar til ritta.

Arrangementskonseptet for meisterskapet byggjer på dei gode løysingane og erfaringane Bergen har med Tall Ships Races og andre store arrangement i byen og bergensregionen. Sykkel-VM er for det aller meste eit gratis arrangement for publikum.

Sykkel-VM gir eit unikt høve til profilering av Bergen og bergensregionen, med potensielt store økonomiske ringverknader for næringslivet. Meisterskapet gir også store moglegheiter til å iverksette målretta tiltak mot rekruttering og sykkelopplæring, auka bruk av sykkel som transportmiddel, og verdi og haldningsskapande arbeid. Dette vil vere sentrale verkemiddel for å nå kommunale og regionale mål innafor folkehelse, miljø og byutvikling.

Det har vore gjort eit omfattande arbeid med å kartlegge det reelle kostnadsbiletet ved eit Sykkel-VM. UCI har endra føresetnadene og krava etter VM i Limburg 2012 og tildelinga av VM til Qatar i 2016. NCF har gjort styrevedtak på at ein norsk søknad skal baserast på motteke Bid Guide og nivået som Limburg 2012 betalte for organisasjons – og marknadsrett.

Det Norske Veritas (DNV) har på oppdrag frå NCF gjennomført ei kvalitetssikring av kostnadsbudsjettet. Her er det vurdert to ulike kostnadsscenarier – scenarie ein som representerer eit nivå på Organisasjons- og marknadsrettar som UCI har formidla ønskje om, og scenarie to som representerer eit nivå som NCF legg som ein føresetnad for å sende ein søknad. Kvalitetssikringa viser for scenarie to ein venta kostnad på kr. 156,4 mill., ei tilrådd kostnadsramme på 171,6 mill. (P85) inklusive ein usikkerheitsavsetning, og ei tilrådd styringsramme på 156,1 mill. (P50). Rapporten frå DNV ligg vedlagt.

NCF og Bergen kommune har stor vilje og god kompetanse til å arrangere Sykkel-VM, men det nye kostnadsbiletet og dei økonomiske føresetnadene er no på eit nivå som krev regional og forsterka statleg medverknad dersom det skal bli ein norsk søknad. Sykkel-VM innfrir dei forventningane og premisser som ligg i Meld.St.26 «Den norske idrettsmodellen» rundt moglegheitene for statleg medverknad.

I denne saka er alle utgifter, finansiering og øvrige konsekvensar ved eit Sykkel-VM i Bergen og bergensregionen utgreidd i sin heilskap.

#### **FORSLAG TIL INNSTILLING:**

1. Hordaland fylkesting er positiv til at Bergen vert vertskapsby i ein norsk søknad om Sykkel-VM 2017, og ser på dette som eit svært attraktivt meisterskap å få til bergensregionen.
2. Fylkestinget føreset at meisterskapet vert finansiert gjennom eit spleiselag mellom idrett, næringsliv og offentlege styresmakter.
3. Fylkestinget legg til grunn at statleg medverknad til arrangementet står i høve til nivået på regionale styresmakter sine tilskot og at Bergen kommune og dei andre kommunane medverkar i samsvar med det som går fram av saksutgreiinga.
4. Hordaland fylkesting er positiv til å støtta arrangementet med kr 15 mill. i samsvar med saksutgreiinga. Summen vert sett av på disposisjonsfond i samband med avsluttinga av rekneskapen for 2012. I tillegg vert sett av kr 5,2 mill. til å dekke ei eventuell overskriding i prosjektet slik at samla avsetjing til disposisjonsfond vert kr 20,2 mill.

5. Fylkestinget sluttar seg til at det vert arbeidd med å oppretta eit arrangementsselskap for Sykkel-VM 2017. Fylkesutvalet får fullmakt til å ta avgjerd om fylkeskommunen skal ta del i eit slikt selskap.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkeskultursjef

**Vedlegg:**

1. Kvalitetssikring av kostnadsbudsjett for Sykkel-VM i Bergen 2017, DNV Rapport, V.1.0, 17.april 2013
2. Førebels løypekart for VM sykkel 2017

## **FYLKESRÅDMANNEN, 29.04.2013:**

### **Planforankring**

I fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012) er det eit mål om at Hordaland fylkeskommune skal arbeide for at større nasjonale og internasjonale arrangement vert lagt til regionen. I idrettsplanen 2010-2019 "Idrettsbyen Bergen - et steg foran", er det eit mål å forsterke Bergens posisjon som ein av Nordens mest attraktive idrettsbyar, og det er eit delmål at Bergen skal vere ein vertskapsby som tiltrekkjer seg internasjonale idrettsarrangement. Sykkel - VM er eit av verdas største idrettsarrangement, og er eit høgt profilert meisterskap som vil kunne gi svært god marknadsføring av Bergen og bergensregionen.

### **Prosessens første halvdel av 2012**

Norges Cykleforbund (NCF) valde i november 2011 Bergen som vertskapsby for Norge sin søknad om å få arrangere VM i landevegssykling i 2016. Bystyret vart førelagt saka første gong i februar 2012. Bystyret understreka at dette er eit svært attraktivt meisterskap å få til byen og regionen, og gav byrådet fullmakt til å jobbe vidare saman med NCF med å utarbeide eit bærekraftig budsjett og arrangementskonsept for Sykkel-VM i Bergen. På NCFs Forbundsting i Harstad februar 2012 vart det gjort einstemmig tingvedtak på at Norge skulle søkje Sykkel-VM i 2016 eller i 2017 med Bergen som vertskapsby.

I mars 2012 oversende UCI "Bid Guide" for Sykkel-VM 2017. Med bakgrunn i denne har NCF, Bergen kommune og bergensregionen jobba med å utarbeide den internasjonale søknaden. TV2 initierte arbeidet med ein søknadsvideo som vil følgje den skriftlege søknaden.

Det vart nedsett ein Hovudkomité, leia av byrådsleiar, der president i NCF, ordførar i Bergen kommune, fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune, ordførarane i kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden, leiar Arbeiderpartiet i Bergen kommune, TV2, AviNor, Statens vegvesen, Politiet, Brannvesenet, Skyss, Hordaland Idrettskrets, Idrettsrådet i Bergen, Bergen Næringsråd, Bergen Reiselivslag, Hordaland Cyklekrets og fleire sykkelklubbar, deltek. Hovudkomiteen hadde tre møter i 2012. Samstundes vart det nedsett ei prosjektleiing med sykkelpresidenten, ein spesialrådgjevar for NCF, idrettsdirektør og prosjektleiar. Prosjektleiinga har hatt jamlege møte. I tillegg har det vore arbeidsgrupper innafor dei ulike hovudområda for søknaden.

Bergen kommune var arrangør av Sykkel-NM i juni 2012. Meisterskapet vart ein stor suksess. Eit samla regionalt syklemiljø bidrog på ein flott måte. Gateritta vart for første gong arrangert rundt Bryggen og fisketorget. Ritta vart direktesendt på TV2, og både utøvarar, trenarar og publikum skrytte av arrangementet. I forkant av gateritta vart det arrangert eit VM-seminar, med meir enn 200 gjester frå det offentlege, idretten og byens næringsliv.

### **NCF med breidt initiativ ovafor UCI**

UCI har gitt NCF og Bergen kommune gode tilbakemeldingar på det norske kandidaturet. I denne prosessen har det vore eit klårt ønskje frå NCF å ta eit breiare initiativ ovanfor UCI rundt dei arrangementa Norge kan påta seg i oppkjøringa mot eit mogleg VM i landevegssykling. Dette vil bidra til å byggje auka kredibilitet til Norge som vertskap ovanfor UCI. Danmark gjennomførte eit tilsvarande initiativ då dei var i søknadsprosessen for VM i København i 2011, Nederland før VM i Limburg i 2012 og USA gjer det same før VM i Richmond i 2015.

Det første arrangementet Norge kunne søkje om å ta på seg var UCI Management Committee midyear meeting i 2013. Hovudkomitéen vedtok 12. september 2012 å søke UCI om å få halde dette møtet i Bergen i juni 2013. UCI valde på Management Committee møtet under VM i Limburg i september 2012 å tildele Bergen Management Committee møtet, Executive Committee møtet og UCI ProTour Council møtet 12-14.juni 2013.

I 2015 skal det arrangerast World Cycling Forum. Dette er eit nytt tiltak der UCI samlar alle profflaga, delegatar frå sykleforbund i heile verda, representantar frå sykkelbransjen og alle formelle organ i UCI, og har ei veke med møter, utstillingar, aktivitetar og andre profileringstiltak. Samla vil det vere rundt 3000 deltakarar. Grieghallen er godt egna for å kunne vere vertskap for ein slik konferanse. I

oppkjøringa mot eit VM i 2017, vil det vere fordelaktig å få samla alle aktørane ved eit slikt forum. UCI har hatt fleire «site visits» i Bergen for å sjå på møte- og kongressfasilitetar, i tillegg til å drøfte VM kandidaturet. Deira tilbakemeldingar har vore udelt positive, og det vert framheva at det norske initiativet er ryddig, gjennomarbeidd og profesjonelt. I høve til eit mogleg World Cycling Forum er det frå NCF signalisert til UCI at dette blir vurdert når endeleg avgjerd vert teken rundt ein norsk VM søknad.

### **VM i Limburg september 2012, internasjonale avklaringar og VM i Qatar 2016**

I løpet av sommaren 2012 vart det kjend at det låg føre uavklarte kontraktsmessige tilhøve mellom Richmond, Virginia (USA) og det internasjonale sykkelforbundet (UCI) rundt VM i 2015. Qatar som tapte kampen om VM i 2015, tilbydde seg å vere reserve ovafor UCI. Sykkelpresidenten tok dette opp på VM-seminaret i Bergen 22.juni 2012, og understreka at dette kunne påverke korleis Norge sitt kandidatur ville gjelde 2016 eller 2017.

UCI og amerikanarane kom til semje rundt dei avtalemessige tilhøva, og UCI valde på Management Committee møtet sitt under VM i Limburg i september 2012 å tildele Qatar VM i 2016. Qatar vart tildelt dette eksklusivt då dei hadde ein ferdig søknad, eit sterkt økonomisk bod, og dei fekk goodwill ved å vere reserve for Richmond, Virginia (USA) i 2015. For Norge sin del inneber dette at ein no søkjer VM i 2017 i tråd med vedtaket på NCF sitt Forbundsting i februar 2012.

VM i Limburg 2012 sette ein ny standard for Hospitality, VIP forpleiing og fasilitetar i start/målområdet. Det vart frå UCI sin side framheva at dette vart sett på som naudsynte krav til framtidige VM arrangørar, men dette kjem ikkje eksplisitt fram i Bid Guiden.

### **Konsept for internasjonal søknad**

Prosjektleiinga har, saman med NCF, jobba med å utarbeide den internasjonale søknaden basert på tilsendt "Bid Guide" av mars 2012. Målet har vore å ha ein søknad av høg kvalitet som trekkjer fram alle dei gode føresetnadene og erfaringane Norge, Bergen og bergensregionen kan vise til. Det har vore sentralt å framheve at VM skal vere ein stor fest der ritta er høgdepunktet, der heile byen og regionen vert teken i bruk, og at alle får høve til å delta på festen. Samstundes har det vore viktig å framheve den vakre naturen som omkransar byen og Vestlandet. Løypene vil vise fram dette på ein vakker og spektakulær måte som gir ein unik Norgesreklame til meir enn 300 millionar TV-sjåarar.

Meisterskapet vil gå over ni dagar og innehalda 12 ritt. Det skal konkurrerast i elite kvinner og menn, junior kvinner og menn, og U23 menn. Samstundes vart det frå VM i 2012 innført lagtempo for profflag kvinner og menn som opningsritt.

VM skal innleiast med lagtemporitt frå Øygarden og Askøy, dernest vil temporitta og fellesstartritta gå i og rundt Bergen. Start/målområde for alle desse ritta vil vere Festplassen. På denne måten får ein vist fram det aller beste av byen, samstundes som meisterskapet blir tilgjengeleg for flest moglege. Sykkel-VM er et unikt idrettsarrangement der publikum for det meste kan følgje ritta gratis. Det er mellom anna dette som gjer at opp mot 40.000 nordmenn kvart år reiser for å følgje Tour de France. Grieghallen vil vere hovudkvarter, akkrediteringssenter og presse & media senter. Dette sikrar eit svært kompakt arrangement.

Sykel-VM 2017 skal gi eit positivt og varig kompetanseløft for Bergen og bergensregionen. Involvering av barn og unge står sentralt. Barneskular, ungdomsskular og vidaregåande skular vil alle bli mobilisert. Sykkelopplæringskampanjar, kunnskap og kompetanseløft, og andre spanande prosjekt vil vere viktige satsingar i det norske VM konseptet. Målet er å involvere heile fylket i eit felles løft i åra inn mot Sykkel-VM. Tour of Norway for Kids konsept ut i heile Hordaland vil vere eit mogleg tiltak. Her vil NCF samarbeide med Hordaland Cyklekrets, dei lokale sykleklubbane, Hordaland Idrettskrets og Idrettsrådet i Bergen rundt konkretisering av tiltak og kampanjar. Målet er å spreie kunnskap, kompetanse og sykkelglede. Tilsvarande vil det bli gjennomført tiltak mot den vaksne delen av befolkninga. I Bergensprogrammet er det ambisiøse målsettingar i høve til å auke andelen som nyttar sykkel som transportmiddel. Eit Sykkel-VM vil gi ei viktig vitamininnsprøyting til dette arbeidet. NCF vil leia an i dette arbeidet, og det søkjast eit breidt samarbeid med idrett, organisasjonar og næringslivet på dette området. Det store løftet for folkehelse ligg her.

Det er også store moglegheiter mot UiB, NHH, og dei andre høgare utdanningsinstitusjonane i høve til forskning og utvikling. Eit Sykkel-VM i Bergen og bergensregionen vil også vere veldig spanande sett opp mot søknaden til UNESCO om å bli «Creative City of Gastronomy». Koblinga mellom sjømat, matkultur og kystkultur mot Sykkel-VM gir mange moglegheiter. Media City Bergen er ei anna kobling som vil kunne gi Bergen og bergensregionen veldig drahjelp med store deler av verdspressa til stades.

Det ligg som eit klart og tydeleg fundament i den norske søknaden at det skal gjerast eit haldningsskapande arbeid retta mot antidoping, verdi og haldningsskapande arbeid frå UCI, NCF og vertskapsbyen og regionen. Norge har gjennom NCF teke ei rolle som føregangslan i antidopingarbeidet ovanfor UCI, og denne posisjonen vil bli ytterlegare styrka gjennom eit Sykkel-VM i Norge. Internasjonalt har Norge ein svært sterk posisjon i antidopingarbeidet, noko som vil styrke den norske VM søknaden.

NCF og Bergen kommune var godt representerte under VM i Limburg 2012. Erfaringar og referanserammer frå korleis hollenderane arrangerte meisterskapet, er brukt til å styrke den norske VM-søknaden. Hovudkomitéen har gitt aksept og godkjenning for dei framlagde planane som prosjektleiinga har presentert.

### **Moglegheiter og konsekvensar ved eit Sykkel-VM**

Sykkel-VM vil gi Bergen og bergensregionen eit unikt høve for profilering. Dei økonomiske ringverknadene av meisterskapet er store. Med meir enn 300 millionar reelle TV-sjåarar gir Sykkel-VM eit fantastisk høve for marknadsføring av Norge. Arenaen er Bergen by og bergensregionen, norsk natur, kultur og folkefest på sitt aller vakraste.

Sport Event Denmark og Wonderful Copenhagen rekna med at VM i København gav ein omsetningsvekst på omlag DKK 232 mill., herunder 118.000 overnattingsdøgn. Sysselsettingseffekten er rekna til 262 årsverk. Ein analyse gjort av Chmura, går ut frå at VM i Richmond, Virginia 2015 vil kunne gi direkte meirinntekter for byen og regionen på omlag \$ 129 mill. Ski-VM i Oslo 2011 vart ein stor suksess, og Menon Business Economics analyserte nærings – og sysselsettingseffektane. Dei tilreisande sitt konsum vart estimert til omlag kr 420 mill., og sysselsettingseffekten vart vurdert til 330 årsverk. Innovasjon Norge "Hvitebok for arrangementsturisme" reknar med at Sykkel-VM vil medføre 77.000 potensielle besøkjande pr. dag, noko som samla over åtte dagar gir 556.000 tilskodarar. Dette talet er i tråd med erfaringane frå dei siste års VM i Danmark og Nederland.

Eit godt fundert, riktig planlagt og godt gjennomført VM, vil gi eit løft for Norge, Hordaland, regionen og Bergen. VM vil vere ei stor inspirasjonskjelde for barn og unge. Ikkje berre vil dette vere positivt i ein sportsleg samanheng, men det vil også bidra til å skape gode kvardagsrutinar der fleire tek i bruk sykkel som transportmiddel. Dei positive effektane dette har på folkehelse, miljø og byutvikling er vesentlege. NCF vil vere ein sentral partner for Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og bergensregionen i dette arbeidet. Målretta kampanjar vil bli iverksette frå og med 2014.

Det skal gjennomførast omfattande investeringar i samferdsle, i tråd med Bergensprogrammet. Fleire av desse satsingane handlar om tilrettelegging for sykkelveggar. Desse satsingane vil gi eit klart løft til den norske VM søknaden, ikkje minst gir dei eit sterkt og truverdig bilete av eit grønt arrangement, der bruk av sykkel og kollektivtransport står sentralt.

Eit Sykkel-VM i Bergen og bergensregionen vil skape fleire nye arbeidsplassar, gi optimisme og investeringar i næringslivet. Sykkel-VM vil vere ei samlande kraft som kan hjelpe med å marknadsføre byen i eit nytt og positivt lys som ein vertskapsby av eit "mega event" innafor idrett.

Eit anna sentralt poeng ved Sykkel-VM er at det skil seg frå ei rekkje andre store internasjonale idrettsarrangement ved at det ikkje er vesentlege billettinntekter frå publikum. I dei to siste meisterskapa (Limburg 2012 og København 2011) var det meir enn 500.000 tilskodarar som følgde ritta. Av desse syner tala at rundt 25.000 er betalande tilskodarar, VIP, sponsorar og gjester. Dei øvrige får vere tilskodarar utan å måtte betale billett. Dette er i tråd med sykkelporten sin kultur.

Under Sykkel-VM i København 2011 var omlag 35.000 nordmenn tilskodarar. Dette viser kor enorm interesse det er for sykling og store sykkelarrangement. Sykkel-VM er følgjeleg eit arrangement som kjem heile byen og regionen sin befolkning til gode. Saman med eit breidt kulturprogram for alle aldrar i byromma/tettstadane, er føresetnadene for eit vellukka arrangement dei aller beste langs desse linene.

For prosjektleiinga har det vore sentralt å kartleggje og synleggjere kva konsekvensar Sykkel-VM vil ha for Bergen og bergensregionen. Dette har vore eit krevjande og omfattande arbeid all den tid dette ikkje har vore gjort før. Prosjektleiinga har hatt eit godt og konstruktivt samarbeid med alle aktørar og samarbeidspartnarar, noko som har vore av heilt avgjerande for at vi kan presentere føresetnadene for ein norsk VM søknad.

Sykkel-VM vil medføre at Bergen blir stengt for trafikk i dei aktuelle arrangementsperiodane kvar dag (det leggjast til rette for utrykningskjøretøy og anna absolutt naudsynt trafikk i samarbeid med Politi, Statens vegvesen og Trafikketaten). Samstundes vil Skyss måtte leggje om kollektivtransporten for å møte desse utfordringane. Ein fullstendig trafikkplan og konsekvensanalyse vil måtte gjennomførast dersom Bergen blir tildelt Sykkel-VM. Desse analysane og planane er det teke full høgde for i det framlagte budsjettet. Arbeidet med desse bør iverksettast i 2014. Dette er ein absolutt føresetnad for at ein kan arrangere meisterskapet, og analysane og planane vil syne løysingane som vil bli nytta under meisterskapet.

Hautferien for skulane bør vurderast lagt til den aktuelle VM perioden for å møte nokre av desse utfordringane. Det må også leggjast til rette, i samarbeid med Idrettsrådet i Bergen, Hordaland Idrettskrets og nasjonale særforbund, slik at det ikkje blir halde andre omfattande idrettsaktivitetar i dei to aktuelle helgane.

Heile byen og regionen vil vere prega av Sykkel-VM. Det vil vere stor aktivitet i byromma etter modell frå Tall Ships Races under arrangementsperioden. Ein vil måtte finne gode løysingar for næringsaktiviteten i dei nærliggjande områda. Ein av de største endringane vil omhandle start/målområdet på Festplassen og Grieghallen. Under meisterskapet vil det akkrediterte området vere stengt for publikum, og kjøremønsteret vil måtte justerast i tråd med den ovannemnde trafikkplanen og analysearbeidet. Opprigging av området er venta å ta to-tre veker, og nedrigging rundt ei veke.

#### **Økonomi – nye føresetnader frå UCI**

Arbeidet med å etablere eit bærekraftig budsjett har avdekka ei generell utfordring med store internasjonale idretts- og kulturarrangement. Det føreligg sjeldan eit budsjett/rekneskap som viser det fulle og heile kostnadsbiletet sidan fleire kostnader blir dekkja over andre budsjett – gjennom samarbeidspartnarar eller offentlege styresmakter. Samstundes er mange av arrangementa heilt klart underbudsjetterte for å sikre politisk gjennomføringsvilje.

Då NCF initierte til VM søknadsprosessen i 2011 var det med bakgrunn i erfaringane frå VM i 2009, 2010 og prognosane for VM i 2011 i København. Erfaringane frå København har vist at mange kostnader var splitta opp og dekkja over andre budsjett. Samstundes hadde Danmark eit fleirårig samarbeid med UCI rundt fleire andre store internasjonale sykkelarrangement.

VM i Limburg 2012 sette ein ny standard for Hospitality, VIP forpleining og fasilitetar i start/målområdet. Det vart frå UCI si side framheva at dette vart sett som naudsynt krav til framtidige VM arrangørar, men dette kjem ikkje eksplisitt fram i Bid Guiden. VM i Limburg representerer såleis eit klart nivåskift for arrangementet. Dei stipulerte meirkostnadene er sett til omlag kr 10 mill.

UCI valde å tildele VM i 2016 til Qatar under meisterskapet i Limburg. I oktober 2012 mottok NCF informasjon frå UCI om at Qatar betalte € 10 mill for organisasjons- og marknadsrettar, i tillegg til at dei betalar overnatting for alle deltakarane, og ytterlegare andre forhold. Dette var ikkje i tråd med Bid Guide og korleis dette vart handtert i København og Limburg. Sykkel-VM i Limburg 2012 betalte rundt € 5 mill for organisasjons- og marknadsrettar.

UCI var på site visit i Bergen i januar 2013. Her presenterte UCI ein helt ny og sentral føresetnad; frå og med VM i Qatar 2016 ville UCI sjølv stå for TV produksjonen. Arrangøren skulle no betale UCI for å levere desse tenestene. NCF og prosjektleinga har heile tida jobba etter modellen frå andre arrangørar der ein kan knytte til seg ein samarbeidspartnar på dette området, her tenkt på TV2 (med deira produksjonsselskap og underleverandørar). Dette aukar kostnadsbiletet med omlag kr 25 mill.

Den siste avklaringa kom frå UCI då NCF og prosjektleiar var i Sveits i mars 2013. Her gjorde UCI greie for at dei ønskte eit likt nivå for alle framtidige søkjarar langs dei same linene som det Qatar betalte for organisasjons – og marknadsrettar. UCI forklarte vidare at omlag € 4 mill. er betaling til UCI for varer og tenester (herunder TV produksjon), medan € 4 mill. er betaling for 60 % av marknadsrettane. Dei resterande om lag € 2 mill. var ein restbetaling for organisasjonsrettar.

Samla medførte desse tre opplysningane eit vesentleg endra kostnadsbilete for meisterskapet. NCF har gjort styrevedtak på at ein norsk søknad skal baserast på motteke Bid Guide og nivået som Limburg 2012 betalte for organisasjons – og marknadsrettar. Denne føresetnaden vert støtta av Bergen kommune og bergensregionen. NCF markerer med dette ei klar og tydeleg haldning ovanfor UCI i høve til at nivået Qatar legg seg på ikkje kan danne presedens for framtidige arrangørar. Her har Norge eit ansvar for det løpet som vert lagt etter VM i Qatar 2016. Dette ansvaret tek NCF.

DNV sin kvalitetssikring av kostnadsbudsjettet for VM 2017 inneheld m.a. ein post for TV-produksjon på € 2 mill. Den 16/4-2013 hadde NCF møte med TV2 & OB Team. Under møtet var TV2 tydeleg på at dei ønskjer å vere «host-broadcaster» i samarbeid med OB-Team. TV2 vil dekke kostnadene for TV-produksjonen. Som gjenytning vil TV2 få dei nasjonale rettane for TV-sendingane. NCF og TV2 er samstemde i at UCIs endra vilkår for TV-produksjon ikkje kan akseptast, og vil vere gjenstand for forhandlingar.

#### **Kostnader og kvalitetssikring frå DNV**

Kostnadene rundt meisterskapet vil i all hovudsak vere knytte opp mot:

- Naudsynt oppgradering av vegar og område & areal som skal nyttast. Dette inneber fjerning/flytting av skilt, fartsdumpar, ekstra skilting, rydding/feing før, under og etter meisterskapet.
- Trafikkavvikling, sikringstiltak, gjerder og vakthald. Naudsynt konsekvensanalyse og trafikkplan.
- Tilrettelegging av infrastruktur/kollektivtransport for publikum, akkrediterte og andre aktørar.
- Arenaløysing og tilrettelegging av fasilitetar i start – målområde.
- TV-produksjon, tilrettelegging av presse – og mediasenter i Grieghallen.
- Publikumsretta aktivitetar, oppbygging av kulturprogram rundt meisterskapet og fansoner.
- Innkvartering og forpleining.
- Organisasjon, administrasjon og frivillige.
- Oppbygging av eit sykkelprogram inn mot VM.
- Promotering og marknadssføring. Herunder også utarbeiding av ein internasjonal søknad.
- Tilrettelegging for UCI kongress enten under eller etter meisterskapen, samt andre møter og konferansar.
- UCI organisasjons – og marknadsrettar.

DNV har kvalitetssikra og gjennomgått analysane som ligg til grunn for kostnadsutrekningane. Analysane er brote ned til input nivå, det er gjort usikkerhetsanalysar, ein har vurdert og talfesta faktorar som kan påverke kostnadsbudsjettet, og kostnadsbidrag frå eventuelle hendingar som kan inntreffe. Vidare er kostnadstal frå VM i København i 2011, VM i Limburg i 2012, Ski-VM i Oslo 2011, Ungdoms OL på Lillehammer i 2016 og Tall Ships Races i Bergen 2014, brukte som aktuelle referanserammer. Kvalitetssikringa er basert på metodikk nytta i Finansdepartementet sitt regime for kvalitetssikring av store offentlege investeringsprosjekt, men noko forenkla grunna prosjektet sin karakter. Usikkerheita i modellen er handtert gjennom estimatusikkerheit, faktorar og hendingar.

Offentlege etatar, private aktørar, NCF og andre samarbeidspartnarar har alle vore med og vurdert sine område i kostnadsbudsjettet. Prosjektleinga har jobba tett med DNV, og det vert gjennomført ein tre



dagars Work Shop i Bergen i januar der samtlege store aktørar la fram egne overslag og føresetnader innafor sitt eige kostnadsområde. Spørsmål frå DNV til talgrunnlaget vart også svara på.

Som eit døme kan løypekostnadene nemnast. Her har arbeidsgruppa for sport (samansett av tidlegare VM og OL deltakarar) gått igjennom samtlege av løypene, vurdert, notert og teke bilete av tilhøve som må utgreiast eller midlertidig fjernast. Statens vegvesen, Trafikketaten, Politiet og Hordaland fylkeskommune si samferdselsavdeling har så gjennomført detaljerte kostnadsutrekningar basert på dette arbeidet. Tiltak vil her vere fjerning og reetablering av fartsdumpar, trafikkøyer, midtrabattar, trafikklys og maling av aktuelle tunellar. Saman med DNV vart estimata gjennomgått, usikkerheitsfaktorar og hendingar vurderte, og samla gir dette ein best mogleg vurdering av det aktuelle kostnadsområdet.

Det har vore viktig for prosjektleiinga å leggje fram eit fullt og reelt kostnadsbilete. I motsetning til andre arrangement er det valt å leggje med alle kostnader som er ein del av arrangementet. Budsjettet er såleis bruttoført, og byggjer på premissane som NCF har lagt til grunn i scenario to i kvalitetssikringa.

### Føreslått Kostnadsbudsjett Sykkel-VM 2017

Det føreslåtte budsjettet byggjer på DNVs kvalitetssikringsrapport og er oppgitt som forventningsverdiar med tillegg for usikkerheit. I tråd med styrevedtak hos NCF er det scenario to som vert lagt til grunn for den norske søknaden.

Post	Område	Beløp i mill. kr
B1	Løyper/ritt	25,2
B2	Arena og start/målområde	10,6
B3	UCI TV-produksjon, Media og presse	17,4
B4	Administrasjon/Organisasjon	20,2
B5	Transport og logistikk	8,5
B6	Møter og konferansar	0,7
B7	Overnatting og innkvartering	4,1
B8	Publikumsretta aktivitetar	2,7
B9	Promotering/marketing	11,3
B10	Oppbygging av sykkelprogram, folkehelseiltak	3,1
B11	UCI Organisasjons – og marknadsrettar	37,5
*	Kostnader som dekkast av UCI (som kjem til frådrag)	-7,3
MVA	Meirverdiavgift	11,8
<b>Sum spesifiserte kostnader ink mva</b>		<b>145,8</b>
	Forventa uspesifisert	6,4
	Forventa verdi faktorar + hendingar	4,2
<b>Sum kostnader inkludert usikkerheit</b>		<b>156,4</b>

Budsjettet er delt i 11 hovudpostar, i tillegg er det teke med meirverdiavgift. Reknestykket mot UCI krev ei lita forklaring. Her er det slik at arrangøren betalar UCI for organisasjons – og marknadsrettar, samstundes vil UCI betale arrangøren for å tilretteleggje område og fasilitetar som omhandlar mellom anna VIP forpleiing. For å halde oversikta konsistent med DNV sin rapport (her framkjem dette som post A1) er dette synleggjort og trekt ifrå som \*pkt. Det er NCF si vurdering at hovudvekta av denne posten vil vere uavhengig av nivået på organisasjons – og marknadsrettar som vert tilbydd UCI.

Samla viser rapporten eit kostnadsbilete inkludert usikkerheit på kr 156,4 mill. Dette fastset styringsramma (P50), eller forventa kostnadsbilete som er tilnærmelesvis lik P50. Med ein kostnad som tilsvarar P50 meinast at kostnadene med 50 % etter alt å døme ikkje vil overskride dette nivået. DNV peikar i sin analyse på at det vil vere naudsynt å foreta ei usikkerheitsavsetning utover P50. DNV tilrår å nytte ei kostnadsramme tilsvarande eit nivå som det med 85 % sannsynligheit ikkje vil bli overskride (P85). I DNV sin rapport er det tilrådd ei usikkerheitsavsetning på scenario to på kr 15,6 mill slik at tilrådd kostnadsramme (P85) er på kr 171,6 mill.

Det vert lagt fram det forventta kostnadsbiletet og styringsramme på kr 156,4 mill. Om det vert overskriding i prosjektet er det føreset at det vert handtert ved at staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune dekkjer 1/3 kvar, som vil utgjere kr. 5,2 mill.

### Føreslått inntektsbudsjett/finansieringsmodell

Det føreslåtte inntektsbudsjettet byggjer på føresetnader som prosjektleiinga legg fram. Dette er basert på oppgitte opplysningar frå VM i København 2011, VM i Limburg 2012 og estimat for Tall Ships Races i 2014. Det er lagt eit varsemdprinsipp til grunn. Inntektsbudsjettet har ikkje vore gjenstand for kvalitetssikring frå DNV.

Post	Område	Beløp i mill. kr
A1	Offentlege tilskot	80,0
A2	Sponsorinntekter	33,0
A3	TV og medierett	17,4
A4	Hospitality, VIP pakker	9,4
A5	Overnatting, servering	5,0
A6	Kostnader dekkja over andre budsjet	5,5
A7	Publikumsretta aktiviteter	3,2
A8	Merchandise	1,5
A9	Billettinntekter	0,5
A10	Andre inntekter	0,9
<b>Sum inntekter</b>		<b>156,4</b>

Ein føreset at meisterskapet vert finansiert som eit spleiselag mellom lokale og regionale styresmakter, staten og næringslivet. I tillegg kjem sal av TV og medierett. Desse budsjetterast med bakgrunn i møtet 16/4-2013 mellom NCF og TV2 & OB Team, og samsvarar med tilsvarande kostnadsside. Nivået på sponsorinntekter vurderast som realiserbart, og på eit fornuftig nivå for å fastsette eit bærekraftig arrangementsbudsjett. Når det gjeld fordelinga av offentlege bidrag vert følgjande lagt til grunn:

Bidragstytar	Beløp i mill. kr
Staten	40,0
Hordaland fylkeskommune	15,0
Bergen kommune	20,0
Askøy kommune	1,5
Fjell kommune	1,5
Øygarden kommune	1,5
Sund kommune	0,5
<b>Sum offentlege tilskot</b>	<b>80,0</b>

Ein føreset her statleg medverknad på same nivå som det lokale og regionale styresmakter stiller opp med. Hordaland fylkeskommune sitt bidrag omhandlar direkte arrangementsstøtte, tilretteleggingskostnader for kollektivtransport og støtte til folkehelseiltak.

Rådmannen tilrår å støtte arrangementet med 15 mill. kr i samsvar med saksutgreiinga. Summen vert sett av på disposisjonsfond i samband med avslutninga av rekneskapen for 2012. I tillegg vert sett av kr 5,2 mill. til å dekke ei eventuell overskriding i prosjektet slik at samla avsetjing til disposisjonsfond vert kr. 20,2 mill.

Byens og regionens næringsliv vil spele ei sentral rolle dersom Bergen skal kunne ta på seg ei slik storhending. Bidraga her omfattar både sponsorinntekter, kick back ordningar på overnatting, servering og «hospitality».

Kostnader som dekkast over andre budsjett handlar i hovudsak om den andelen av vegutbetringstiltak som Statens vegvesen tek over ordinære driftsbudsjett samt tenester som er dekkast over eksisterande budsjett i Bergen, men som er teke med for å synleggjere bruttokostnaden på arrangementet.

#### **Løypekostnader knytt til fylkesvegnettet**

Det vil tilfalla løypekostnader ut over det som skal dekkast over det ordinære fylkesveggbudsjettet. Tiltak vil her vera fjerning og reetablering av fartsdumpar, trafikkøyer, midtrabattar, trafikklys og maling av aktuelle tunnellar.

Endeleg løypeprase vert ikkje fastsett før etter ei eventuell tildeling av arrangement. Det er såleis ikkje mogleg å gje eit eksakt kostnadsestimat for utgifter knytt til oppgradering av fylkesvegnettet.

Statens vegvesen vil over sine ordinære budsjett kunna forsera maling av dei aktuelle tunnellane i arrangementskommunane, og elles dekkast mindre tiltak som brosteinsdekke i Kong Oscarsgate. Ut over dette vil det tilfalla utgifter kring kr 9 mill. (talet er svært omtrentleg) i samla løypekostnader for heile løypenettet, uavhengig av vegeigar. Truleg vil størstedelen av løypenettet liggja til fylkesvegnettet. Utgiftene til løypekostnader vil verta dekkast av dei ulike bidragsytarane samla, og vil ikkje tilfalla den einskilde vegeigar.

#### **Statleg bidrag**

Det er heilt avgjerande at staten er med og bidreg. I den nye Idrettsmeldinga som vart vedteken i mars 2013 er det et klart mål at Norge skal vere vertskap for store internasjonale idrettsarrangement. Sykkel-VM er truleg det største internasjonale sommar- idrettsarrangementet Norge kan vere vertskap for, og vil såleis vere eit svært attraktivt meisterskap å få til Norge.

Å sikre eit bærekraftig arrangementsbudsjett krev ein statleg medverknad minimum på same nivå som det samla tilskotet frå lokale og regionale styresmakter. Eit relevant tilfelle er Stortinget si handsaming av Chess Olympiad Tromsø 2014 AS, der arrangementet vart tildelt kr. 70 mill. frå Kulturdepartementet. Det er både NCFs og prosjektleiinga si vurdering at Sykkel-VM oppfyller dei kriterier og premisser som kjem fram av den nye Idrettsmeldinga for å sikre statleg medverknad.

Stortinget vedtok i mars 2013 Meld.St.26 «Den norske idrettsmodellen». Store internasjonale idrettsarrangement vert omtala i kapittel 15. Her gjer ein greie for at: «Internasjonale idrettsbegivenheter på hjemmebane kan og være en viktig motivator og inspirasjonskilde både for toppidrettsutøverne selv og for befolkningen som helhet, kanskje i særlig grad for barn og ungdom. Slike begivenheter har derfor også et potensial til å øke interessen rundt, og deltakelsen i idrett og fysisk aktivitet.» «Store internasjonale mesterskap og arrangementer har også interesse utover deres rent idrettslige betydning. Det er en nær kobling til mesterskapenes betydning for rekruttering til, og utvikling av en frivillighetskultur som norsk idrett er helt avhengig av.» «Med erfaringer fra VM på ski i nordiske grener i Holmenkollen vinteren 2011 i friskt minne, er det naturlig å trekke frem idrettsarrangementers bidrag til Norgesprofilering, og som grunnlag for utvikling av turistnæringen.» ”Det finnes imidlertid enkelte idrettsbegivenheter som er så store at de ikke lar seg gjennomføre uten statlig medvirkning.”

Sykkel-VM er vurdert til å vere eit slikt arrangement. Sykkel-VM er det største sommaridrettsarrangementet Norge kan vere vertskap for. Eit landevegs VM i sykkel vil heller ikkje kunne få støtte til anleggsbygging gjennom spelemidlar, og meisterskapet er for det aller meste eit gratis arrangement for publikum med ein enorm marknadsføringsverdi for Norge. Såleis bør Sykkel-VM vurderast særskilt i høve til statleg medverknad. ”Dersom Norge og norsk idrett skal kunne påta seg denne type arrangementer kreves det derfor et utstrakt samarbeid mellom idretten, staten og både regionale og kommunale myndigheter. Regjeringen mener det er viktig at Norge skal kunne ha muligheten til å arrangere idrettsbegivenheter som i praksis betinger statlig støtte. Det finnes arrangementer som det både ut fra idrettslige og andre hensyn vil være av interesse å legge til Norge. Dersom statlig støtte til denne type idrettsbegivenheter skal være aktuelt, er det en forutsetning at en samlet idrettsbevegelse ønsker arrangementet.”

”Det kan i visse enkelttilfeller være aktuelt for staten å bidra til gjennomføringen av andre arrangementer der statlig medvirkning kreves, eller der det av politiske grunner vurderes som særlig interessant å få lagt arrangementet til Norge.” ”Et eksempel på et slikt arrangement er Youth Olympic Games (YOG) som arrangeres på Lillehammer i 2016. Der gav Stortinget gjennom behandlingen av Prop. 153 S (2010–2011) *Statsgaranti og tilsagn om statlig tilskudd for å arrangere olympiske vinterleker for ungdom i 2016*, sin tilslutning til at det ble stilt til rådighet nødvendige statlige garantier for å kunne søke om arrangementet, og at det ytes tilskudd som sikrer gjennomføringen av et eventuelt arrangement i 2016.” ”Støtte til slike arrangementer vil bli vurdert i hvert enkelt tilfelle. Det understrekes at statlig tilskudd kun vil være aktuelt i helt spesielle tilfeller, og at dette ikke rokker ved hovedprinsippet om at staten ikke vil yte økonomisk tilskudd til gjennomføringen av internasjonale idrettsarrangementer i Norge.”

